

**Vedtekter for rådet for personar med funksjonsnedsetting i Luster kommune.  
Vedtekne i kommunestyret den 28.11.19, sak 69/19.**

**1. Heimel.**

Rådet for personar med funksjonsnedsetting er oppretta i medhald av Kommuneleva § 5-12, og forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd av 17.06.2019.

**2. Føremål**

Rådet er eit partipolitisk uavhengig, rådgjevande organ for kommunen i saker som vedkjem personar med funksjonsnedsetting sine behov og interesser.

**3. Samansetjing**

- Rådet skal ha 5 medlemmer.
- I tillegg peikar kommunestyret ut ein representant m/vararepr. som observatør med tale og forslagsrett i rådet.

**4. Oppnemning**

Kommunestyret vel medlemne i rådet m/varamedlemar.

Rådet vel sjølve leiar og nestleiar.

Aktuelle brukarorganisasjonar har forslagsrett på medlemar og varamedlemar.

Organisasjonar som arbeider for personar med funksjonsnedsetting sine vilkår har rett til å kome med forslag på medlemar.

Rådet si funksjonstid samsvarar med den kommunale valperioden.

**5. Oppgåver**

Rådet skal ha seg førelagt alle saker som gjeld personar med funksjonsnedsetting sine interesser og behov. Dette så tidleg som mogeleg i saksgangen. Leiaren skal ha tilsendt saklistene til møte i kommunestyret, formannskapet og plan- og forvaltningsutvalet.

Rådet kan ta opp saker som dei meiner er viktige for personar med funksjonsnedsetting i Luster kommune.

Rådet har rett til å uttale seg før saker vert tekne opp til avgjerd i kommunale utval. Rådet sin uttale skal leggjast fram for vedtaksorganet.

Rådet skal ikkje handsama saker som gjeld avgjerd overfor enkeltpersonar.

Rådet skal kvart år utarbeide årsmelding som skal leggjast fram for kommunestyret. Årsmeldinga skal også sendast til kommunale einingar, fylkesrådet for personar med funksjonsnedsetting, organisasjonar og andre instansar som rådet vil informere.

## **6. Møte og møteinnkalling**

Rådet held møte etter behov, men minst 4 gonger i året.  
Møtedatoar vert fastsett i kommunen sin årlege møteplan.

Rådet sine møte bør samordnast med møte i Eldrerådet.

Informasjon frå administrasjonen vert gjeve i fellesmøte.

## **7. Sekretariat**

Sekretariatet vert lagt til rådmannen, som utpeikar ein person til å ivareta sekretærfunksjonen for rådet. Sekretæren skal halde rådet orientert om saker som kan ha interesse for rådet. Saksdokumenta skal leggjast fram for rådet i så god tid som mogeleg før den politiske handsaminga av sakene.

## **8. Økonomi**

Kommunestyret vedtek budsjett for drift av rådet.  
Rådet skal informerast om framlegg til budsjett og har talerett.  
Utgifter til drift av rådet skal dekkast over eigen budsjettpost.

## **9. Rettar og plikter**

Rådet sin rett til deltaking i kommunestyret går fram av reglement for kommunestyret.

Rådet sine medlemar har elles rettar og plikter knytt til reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår og etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Luster.